



Arkivnr: 2014/927-8
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 24.02.2016 |
| Fylkestinget | | 08.03.2016 |

Finansforvaltninga i 2015

Samandrag

I saka vert det gjeve oversyn over fylkeskommunen si lånegjeld, vurdert opp mot krava i finansreglementet. Vidare finn ein oversyn over bankinnskot og omtale av renteinntekter og -utgifter.

Fylkeskommunen si lånegjeld auka med 787,5 mill. kr i 2015 og har passert 8,9 mrd. kr. Renta er bunden på 52,4 % av låneporteføljen. Fylkeskommunen er dermed lite utsett for renteendringar på kort sikt.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2015 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Rapport frå BCM

Fylkesrådmannen, 09.02.2016**Lånegjeld**

Fylkeskommunen er inne i ein periode med høge investeringar og kraftig vekst i lånegjelda. Følgjande oversyn viser korleis gjelda har utvikla seg i 2015:

(Beløp i tabellane oppgitt i kr 1 000)


| | Fylkeskassen | Bompengeprosjekt |
|------------------------|--------------|------------------|
| Lånesaldo 1. januar | 8 129 145 | 211 000 |
| Nye låneopptak i 2015 | 1 117 550 | |
| Avdrag | 330 004 | 8 000 |
| Lånesaldo 31. desember | 8 916 691 | 203 000 |

Pr. 31.12.2015 består fylkeskommunen sin låneportefølje av 26 lån på til saman vel 8,9 milliardar kr. Gjelda har auka med 787,5 mill. kr i 2015.

Låna fordeler seg slik på långjevarar:

| | Tal lån | Beløp | Andel |
|----------------|---------|-----------|---------|
| Sertifikatlån | 7 | 2 423 000 | 27,2 % |
| Obligasjonslån | 7 | 2 835 000 | 31,8 % |
| Kommunalbanken | 12 | 3 658 691 | 41,0 % |
| Totalt | 26 | 8 916 691 | 100,0 % |

Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der bankane berre optrer som mellommenn. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.



Fylkeskommunen har teke på seg oppgåva som "bompengeselskap" for tre vegprosjekt: E39 over Stord / Fv.545, E134 Åkrafjorden og Årsnes ferjekai. Til dei to sistnemnde prosjekta har ein lån på 203 mill. kr.

Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det sagt at "Låneporteføljen skal vera diversifisert med omsyn til løpetid og rentebinding." Det er vidare bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variera mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente. Ein har sett grensa ved 1 år, slik at berre lån som har meir enn 1 år igjen av bindingstida er definerte som fastrentelån.

| | 31. des. 2014 | | | 31. des. 2015 | | |
|------------------------|------------------|----------------|---------------|------------------|----------------|---------------|
| | Lånesaldo | Andel | Rente | Lånesaldo | Andel | Rente |
| Lån med fast rente | 4 556 000 | 56,0 % | 3,32 % | 4 676 000 | 52,4 % | 2,90 % |
| Lån med flytande rente | 3 573 145 | 44,0 % | 2,16 % | 4 240 691 | 47,6 % | 2,16 % |
| Totale lån | 8 129 145 | 100,0 % | 2,81 % | 8 916 691 | 100,0 % | 2,54 % |

Av tabellen går det fram at 52,4 % av gjelda har fast rente.

6 lån på til saman 2 035 mill. kr er tekne opp med fast rente. I tillegg har ein inngått rentebytteavtalar¹, som sikrar renta for lån som er tekne opp med flytande rente.

Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen var 2,54 % pr. 31 desember, som er 0,27 % lågare enn ved førre årsskifte.

Utviklinga i marknadsrenter

Norges Bank sette ned styringsrenta to gonger i 2015. Ved utgangen av året var styringsrenta 0,75 %. Marknadsrenta (NIBOR) svinga ein del, men tendensen var fallande gjennom året. På den andre sida såg ein at kredittpåslaget for kommunar auka ein god del i 2. halvår. Dette gjer at det er usikkert om renta fylkeskommunen betaler vil gå ytterlegare ned framover.

Det er venta at rentenivået vil bli liggjande på eit svært lågt nivå dei komande 2-3 åra. Dei største moglegheitene for innsparingar er når fastrenteavtalar går ut, og ein kan binde renta for ein ny periode på lågare nivå enn ein har i dag.

Renteregulering


Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal i følgje reglementet vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Ved årsskiftet var gjennomsnittleg rentebindingstid 2,2 år.

Oppstillinga på neste side viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 47,6 % av porteføljen vil få regulert renta i løpet av 2015. I løpet av dei 3 næraste åra vil knapt 62 % av dagens låneportefølje få fastsett ny rente.


¹ Ved å nytte rentebytteavtalar kan ein endre samansetjinga mellom fast og flytande rente på låneportefølgjen, utan å endre vilkåra for dei einskilde låna. Om ein t.d. har eit lån på 300 mill. kr med flytande rente, kan ein inngå avtale med ein bank om å motta flytande rente av 300 mill. kr og betale fast rente av same beløpet. Fylkeskommunen vil etter dette både betale og motta flytande rente av 300 mill. kr, og endar opp med netto å betale fast rente av lånesummen.

| År | Beløp | Tal lån | Andel |
|-------|-----------|---------|---------|
| 2016 | 4 240 691 | 12 | 47,6 % |
| 2017 | 725 000 | 2 | 8,1 % |
| 2018 | 555 000 | 2 | 6,2 % |
| 2019 | 951 000 | 3 | 10,7 % |
| 2020 | 1 005 000 | 3 | 11,3 % |
| 2021 | 620 000 | 2 | 7,0 % |
| 2022 | 820 000 | 2 | 9,2 % |
| Total | 8 916 691 | 26 | 100,0 % |

Diagrammet nedanfor illustrerer kor langt framover dagens rentebindingsavtalar strekkjer seg. Ved inngangen til 2016 har ein fast rente på 4 676 mill. kr av låneporteføljen. To til tre rentebindingsavtalar går ut kvart år. Den siste avtalen går ut i 2022.



Neste graf illustrerer korleis fastrenteavtalar går ut, samstundes som total lånegjeld er venta å auke. Dei 2-3 næraste åra er ein rimeleg godt sikra mot renteoppgang. Men marknadsrenta slår inn på alle nye lån som skal takast opp, og etter kvart på eksisterande lån når rentebindinga går ut.



Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen være diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjere meir enn 20 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over kor stor del av låneporteføljen som må refinansierast kvart år.

| År | Beløp | Tal lån | Andel |
|--------------|------------------|-----------|----------------|
| 2016 | 3 633 000 | 10 | 40,7 % |
| 2017 | 725 000 | 2 | 8,1 % |
| 2018 | 555 000 | 2 | 6,2 % |
| 2019 | 730 000 | 2 | 8,2 % |
| 2020 | 1 005 000 | 3 | 11,3 % |
| 2021 | 608 000 | 2 | 6,8 % |
| 2022 | 813 300 | 2 | 9,1 % |
| 2023- | 847 391 | 3 | 9,5 % |
| Total | 8 916 691 | 26 | 100,0 % |

Fylkeskommunen hadde ved årsskiftet 7 sertifikatlån. Desse har løpetider på 3 eller 12 månader. Obligasjonslåna har løpetider på 2 – 7 år. Kommunalbanklåna har løpetider på 10 år eller meir. Eit måltal på dette er gjennomsnittleg kredittbinding, som no er 3,4 år. Det vil seie at det i gjennomsnitt tek 3,4 år før låna i porteføljen må refinansierast.

Det har i det siste vorte sett fokus på at kommunesektoren i stor grad har finansiert langsiktige investeringar med kortsiktige lån, og at dette kan utgjere ein risiko når låna skal refinansierast. Frå bankane har det vorte hevda at risikoen ved refinansiering er liten. Sjølv om det historisk ikkje har vore nemnande problem for kommunar å rå refinansiert lån, kan dette endre seg når summen av lån aukar så sterkt som ein har sett dei siste åra.

I fylkeskommunen sin låneportefølje hadde ein ved årsskiftet 4 sertifikatlån med 3 månaders løpetid og 3 lån med 12 månaders løpetid. For 3 av låna med kortast løpetid har ein inngått «rulleringsavtale» med DNB. Dvs. at banken har teke på seg å fornye låna ved kvart forfall, vanlegvis over ein periode på 3 år. I denne perioden kan ein vere rimeleg trygg på at låna vil bli refinansierte.

Fylkesrådmannen ser ikkje behov for å gjere store endringar i samansetjinga av fylkeskommunen sin låneportefølje. Men det kan vere på sin plass å ha noko større fokus på refinansieringsrisiko.

Bankinnskot

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot og plasseringar pr. 31. desember:

| | 2014 | 2015 |
|---|------------------|------------------|
| Ordinære bankinnskot | 656 557 | 783 401 |
| Skattetrekksmidlar | 105 616 | 113 016 |
| Bankinnskot "øyremerkte" midlar | 490 732 | 503 369 |
| Bankkonti bompengeprojekt | 177 795 | 171 104 |
| Sum bankinnskot | 1 430 700 | 1 570 890 |
| Kassabeholdningar | 21 288 | 21 512 |
| Sum bankinnskot og kassabeholdn. | 1 451 988 | 1 592 402 |

Pr. 31. desember hadde fylkeskommunen 1 592 mill. kr i innskot og kontantar. Dette er ein auke på 140 mill. frå førre årsskifte.

Ein viktig grunn til at fylkeskommunen har relativt mykje midlar inneståande på bankkonti er det som er kalla "øyremerkte" midlar i tabellen over. Dette gjeld spelemidlar, kulturhusmidlar, den kulturelle skulesekken og ulike tilskot til regional utvikling. Renta på desse kontoane vert godskrive dei respektive føremåla.

I perioden 2012-2015 har fylkeskommunen hatt ein gunstig bankavtale, der innskotsrenta har vore høgare enn den flytande lånerenta. Som følgje av dette har ein vore tidleg ute med låneopptak og ein har ikkje funne grunn til å plassere ledige midlar utanom konsernkontoen.

Renteinntekter og -utgifter

| | Rekn. 2014 | Rekn. 2015 | Bud. 2015 |
|--|----------------|----------------|----------------|
| Gebyr, kursdifferansar, morarenter | 1 541 | 1 875 | |
| Renter på lån | 162 866 | 165 493 | |
| Rentebytteavtalar (netto) | 64 104 | 60 250 | |
| Sum utgifter | 228 511 | 227 618 | 240 400 |
| Rentekompensasjon | 32 652 | 31 084 | 30 500 |
| Renter av bankinnskot | 34 044 | 30 429 | 17 750 |
| Renter av utlån m.m. | 8 682 | 8 234 | 8 000 |
| Utbytte | 1 377 | 500 | 1 000 |
| Sum inntekter | 76 755 | 70 247 | 57 250 |
| Netto renteutgifter | 151 756 | 157 371 | 183 150 |
| Renteinnt. på spelemidlar/regionalmidl. etc. | 15 894 | 13 410 | |

Brutto renteutgifter var 227,6 mill. kr i 2015. Dette er knapt 1 mill. kr lågare enn i 2014. Nedgang i rentenivået har oppvege verknaden av auka gjeld. Renteinntekter og rentekompensasjon utgjorde 70,2 mill. kr, slik at netto utgift på rentekapitlet vart 157,4 mill. kr. Ein har hatt ei innsparing i høve til budsjettet på 25,7 mill. kr.

Som nemnt framfor, er det ulike tilskotsordningar innan kultur og regional utvikling der mottekne midlar vert plasserte på eigne bankkonti, og renteinntektene vert tilført dei aktuelle føremåla. Renteinntekta på desse kontoane utgjorde 13,4 mill. kr.

Renterisiko

Eit viktig spørsmål er korleis fylkeskommunen sine netto renteutgifter vil endre seg ved endringar i rentenivået.

Med dei lån ein hadde ved årsskiftet, vil ein renteauke på 1% medføre auke i renteutgifter på om lag 27 mill. kr første året. Men renter av bankinnskot og utlån og rentekompensasjon vil auke med om lag same summen. Første året vil endringar i det generelle rentenivået gje minimale utslag. Det som eventuelt kan gje avvik frå budsjettet er endringar i kredittpåslaget, som ikkje gjev utslag på inntektssida.